



[Mykje fint på inspirasjonskurset.](#)

**Både oppslutnad og stemning var på topp då Gros Blomster arrangerte inspirasjonskveld/kurs med advent som tema i Gamleskulen onsdag kveld. Det kom i gang etter ønskje frå kundar, og oppslutnaden var bevis på at ønsket var sterkt! Påmeldingane vart så mange at det også måtte setjast opp reservelister.**



#### Gro viser og inspirerer

Då eg var innom rundt klokka halv 9 om kvelden var 20 damer og 0 menn i godt i gang med å laga det flottaste advents- og juledekorasjonar. Mange laga nydelege kransar, men her vart det laga flott pynt i mange andre variantar og! Det var ikkje berre god førjulsstemning; stemninga var på topp på alle måtar. Eg kan trygt slå fast at arbeidet gjekk med liv og lyst. Ei av dei som var ekstra fornøgd var Jofrid Eik som heldt på med finishen på ein flott krans. Ho hadde stått på venteliste, men hadde fått gladtelefonen at det var blitt ein ledig plass tidlegare på onsdagen.

Kvelden starta med ei inspirasjonsøkt. Dei 3 dyktige blomsterdekoratørane på Gros Blomster, Anita Handeland, Mary Ann Teigen og Gro Hjelmeland sjølv viste fram modellar som dei hadde laga tidlegare. I tillegg viste dei også korleis ein kunne laga forskjellig vakkert. Då denne økta var ferdig var bordet med ferdige modellar heilt fantastisk vakkert!!

Deretter var det dei 20 deltakarane sin tur, og det var tydeleg at dei gjekk til verket med topp inspirasjon og skaparglede. I arbeidet var dei 3 dyktige instruktørane parat til å gje tips og råd. Under denne økta var også butikken open slik at kursdeltakarane kunne få kjøpa nødvendig materiell.

Dei aller fleste deltakarane var frå Uskedalen, men det var også nokre som kom frå andre bygder. Eg registrerte at det var folk frå Åkra og Sunde der.

Samlinga var tydelegvis eit blinkskot. Derfor er det nok mange som håpar at dette vert ein årvisst tradisjon. Med dei flinke dekoratørane på Gros Blomster skulle det vera godt håp om det. Så mykje fin jule- og adventspynt har det nok aldri vore i det gamle ærverdige skulehuset før. Bileta talar for seg! Bla nedover dei til inspirasjon og glede.

PS: Då eg treffe ein av kursdeltakarane på butikken dagen etter, var dommen klar:

- Det var heilt fantastisk i går kveld, og dei instruktørane var jo så flinke. Eg har i alle fall aldri laga så fine juledekorasjonar!





























Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Mary Ann Teigen og Gro Hjelmeland.